



Vedteke 23.10.2013 I kommunestyret. (KS-068/13)

Vår ref.  
13/834-1/K2-M00//MTS

Dykkar ref.

Dato:  
09.09.2013

## Forskrift for vass- og avlaupsgebyr

### 1. FORMÅL

Formålet med forskrifta er at abonnentane på kommunale vass- og avlaupsanlegg skal dekkje dei meirkostnadane kommunen har med bygging og drift av vass- og avlaupsanlegg tilnærma 100 %. Gebyret skal fordelast på eigar av gebyrpliktig eigedom på ein slik måte at storleiken på gebyret står i høve til kva det kostar kommunen å bygge ut for og drifte den einskilde eigedom med vass- og avlaupsanlegg.

### 2. GEBYRPLIKT

#### 2.1 Plikta til å betale vass- og avlaupsgebyr gjeld:

- Eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avlaupsleidning, direkte eller gjennom privat samleidning.
- Eigedom som i medhald av §§ 65, 66 og 92 i plan- og bygningslova av 1985 og § 27-1 og 27-2 i plan- og bygningslova av 27. juni 2008 er kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avlaupsleidning eller som i medhald av forurensningsloven §23. 2. ledd er kravd tilknytt avlaupsleidning.

2.2 Eigaren står ansvarleg for gebyra. For eigedom som er bortfesta, betalar festaren i staden for grunneigaren. Føresetnaden for dette er at eigedomen er bortfesta ved arvefeste eller på så lang tid at det endå er minst 30 år igjen av festetida, rekna frå det tidspunkt då gebyrplikta blei innført. Det same gjeld dersom festaren etter avtala har rett til å krevje festet forlenga for så lang tid at den attståande festetida blir 30 år dersom avtalen blir forlenga.

1.3 Kvar einskild eigedom er gebyrpliktig. Med eigedom meiner vi:

- 1) Gardsnummer og bruksnummer.
- 2) Gardsnummer, bruksnummer og festenummer.
- 3) Gardsnummer og bruksnummer med seksjonerte eigedomar i rekkjehus, blokker, forretningsbygg etc.

Postadresse/besøksadresse:  
Tonninggata 4  
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00  
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband  
Nordea 6557 05 02802  
Sparebanken SFJ 3795 07 00239  
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

Org.nr: 963 989 202

Dersom det på eigedomen er fleire bueiningar skal det betalast etter målt forbruk. Dette gjeld óg eigedomar tilknytta privat vassverk som betalar avlaupsgebyr til kommunen.

Med bueining blir i denne samanheng meint husvære med opphaldsrom, eige kjøken og bad/wc. Arealet av ei bueining kan ikkje vere mindre enn 40 m<sup>2</sup> bruksareal.

### **3. DEFINISJON AV AVLAUPSANLEGG**

3.1 Med avlaupsanlegg meiner ein anlegg for transport og behandling av avlaupsvatn.

Med avlaupsvatn meiner ein både sanitært og industrielt avlaupsvatn og overvatn.

3.2 Ved tilkopling av nye anlegg til kommunal hovudleidning er kommunen ansvarleg for påkopling på leidningen og legging av stikkleidning ut av grøftetrase/vegområde. Den einskilde huseigar eig og er ansvarleg for vedlikehald av stikkleidningen fram til kommunal kum eller kommunal hovudleidning inkludert klave. I samsvar med abonnementsvilkår.

### **3. GEBYRFORM**

Gebyra omfattar:

- tilknytingsgebyr for vatn og tilknytingsgebyr for avlaup
- årsgebyr for vatn og årsgebyr for avlaup

### **4. GEBYRGRUNNLAG.**

Sjølvkostprinsippet.

4.1 Den meirkostnaden kommunen har ved anlegg og drift av kommunale vass- og avlaupsanlegg, skal dekkast 100 % av abonnentane. Einskilde år kan gje over- eller underskot, men over ein 5- års periode skal det vere tilnærma balanse mellom inntekter og utgifter. Over- og underskot vert regulert via fond som er øyremerka vass- og avlaupsanlegg. Det kan over ein økonomiplanperiode setjast av driftsoverskot på fond til utjamning av årsgebyret og tilknytingsgebyret.

4.2 "Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstenester" H-2140, KR D, 1. januar 2003, og "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" vert lagt til grunn for utreikning av gebyrgrunnlaget. Berre utgifter som direkte eller indirekte kan knytast til drift av vass- og avlaupsanlegg kan takast med i gebyrgrunnlaget. I tvilstilfelle avgjer kommunestyret etter tilråding frå rådmannen.

Kapitalkostnader.

4.3 Årlege kapitalkostnader er summen av kalkulatoriske renter og årleg avskrivning. Det skal nyttast lineær avskrivning, dvs. like store årlege avskrivningar. Grunnlaget for å rekne kapitalkostnader er anleggskostnader knytt til vass- og avlaupsanlegg.

Kapitalkostnader vert rekna av totale investeringar uavhengig av finansieringsmåte. Driftsmiddel som vesentlig vert nytta til anna formål enn vass- og avlaupsanlegg skal ikkje takast med i grunnlaget for avskrivning og renter.

Det skal nyttast differensierte avskrivningstider. For fastsetting av avskrivningstider vert det vist til Forskrift om årsregnskap og årsberetning, § 8.

For kommunale vass- og avlaupsanlegg skal det nyttast desse avskrivningstidene:

- EDB-utstyr, automatikk, driftsovervakning/ SD-anlegg	05 år
- Anleggsmaskiner, transportmidler, inventar og utstyr	10 år
- Tekniske anlegg, VA- renseanlegg, pumpestasjoner	20 år
- Leidningsnett, VA-bygningar.	40 år
- Vegar, dammar, tunnelar	50 år

Kalkylerente skal vere lik effektiv rente på norske statsobligasjonar med tre års attståande løpetid, med eit tillegg på 1 %.

## 5. GEBYRSATSAR

Gebyrsatsane blir fastsett av kommunestyret og gjeld frå det tidspunktet det bestemmer.

## 6. AREALBEREKNINGSMETODE

Så langt gebyrberekninga blir gjort avhengig av storleiken på bygningen/huset, skal arealtekninga følgje reglane i Norsk Standard 3940 om bruksareal (BRA). For eksisterande bygg kan tidlegare registrerte arealdata brukast, inntil bruksareal etter NS 3940 ligg føre.

## 7. TILKNYTINGSGEBYR

7.1 Tilknytingsgebyr for vatn og/eller avlaup skal betalast:

- ved nybygg
- når eigedom det er hus på, blir knytta til kommunal vass- og/eller avlaupsanlegg. (tilknytingsgebyr skal betalast pr. bygg).
- Når eigar av eigedom krev større inntak/ uttak.

7.2. Tilknytingsgebyr blir fastsett ut frå følgjande formel:

$$\text{Tilknytingsgebyr} = G \times D \times U$$

Der **G**= grunnsats, som blir vedteken av kommunestyret årleg.  
**D**= faktor for dimensjon på inntaksleidning/avlaupsleidning.  
**U**= faktor for område

Grunnsatsen G er sett til kr. 1.000,-. (Pr. 1.1.2013).

## Faktor D

For byggtipe/dimensjon på leidning er som følgjer:

- Inntaksleidning for bustad- og fritidseigedomar *a)* D = 1
- Inntaksleidning mindre eller lik 32mm inntak D = 2
- Inntaksleidning 33 – 40mm inntak D = 4
- Inntaksleidning 41 – 63mm inntak: D = 6
- Inntaksleidning 64 – 110mm inntak: D = 8
- Inntaksleidning over 110mm inntak D = 10
- Avlaupsleidning for bustad- og fritidseigedomar *a)* D = 1
- Avlaupsleidning opp til og med 110mm D = 2
- Avlaupsleidning opp til og med 125mm D = 4
- Avlaupsleidning opp til og med 150mm D = 6
- Avlaupsleidning opp til og med 175mm D = 8
- Avlaupsleidning opp til og med 200mm D = 10
- Avlaupsleidning opp til og med 225mm D = 15
- Avlaupsleidning opp til og med 250mm D = 20
- Avlaupsleidning over 250mm D = 30

*a) med bustadeigedomar meiner vi einebustader med/utan sokkelleiligheit, våningshus m.m.*

*For alle andre eigedomar enn bustad- og fritidseigedomar (næringsbygg, offentlege bygg, større bustadbygg, rekkjehus, driftsbygningar og kombinasjonsbygg; forretning/kontor/ bustadar), blir tilknytingsgebyret fastsett etter kapasitet/ dimensjon som vist i tabell over.*

## Faktor U

Det er ulike satsar for tilknytingsgebyr utanfor og innanfor utbyggingsområde der det blir kravd refusjon eller opparbeidingskostnader for interne tekniske anlegg. Dette skal gjelde både når utbyggjar er privat og kommunal. I saneringsområde gjeld egne satsar.

Faktor U er som følgjer:

- Innafor utbyggingsområder, der det vert kravd refusjon for opparbeiding: U = 1
- Utanfor utbyggingområder, ved tilknytning av eksisterande bygg/ sanering: U = 5
- Utanfor utbyggingsområder, ved tilknytning av nybygg: U = 15

### 7.3. Særlege tilhøve

Ved utviding av eksisterande bygg eller når eksisterande bygg blir rive i samband med oppføring av nybygg, skal ikkje nytt tilknytingsgebyr betalast dersom eigedomen etter utviding/ oppattbygging har samme kapasitet på inntaksleidning for vatn og samme dimensjon på avlaupsleidning. Ved auka leidningsdimensjon, skal det betalast tilknytingsgebyr ut frå differansen mellom satsane for ny og tidlegare dimensjon.

Abonnt som må installere pumpe eller har andre store anleggskostnader for å kople seg til det kommunale nettet, kan få reduksjon for tilknytingsgebyr. Vedtak om reduksjon vert gjort administrativt. Prinsippet som skal leggest til grunn ved vurdering

av reduksjon av tilknytingsgebyret, er at det ikkje skal koste meir for ein abonnent å knyte seg til offentleg leidningsnett enn gjennomsnittet innan kvar av kategoriane. Det kan ikkje gjevast større reduksjon enn det faktiske tilknytingsgebyret til ein kvar tid, innan kvar kategori. Eigedomar som ligg forholdsvis langt unna offentleg nett, kan ikkje krevje å få dekt meirkostnader forbunde med tilknytning, når eigar sjølv søker om tilknytning.

Idrettslag betalar tilknytingsgebyr for vatn og avlaup etter satsen som innanfor utbyggingsområde. Dette gjeld for klubbhus o.l. bygg som idrettslaget eig, og som nyttast i samband med bruk av idrettsanlegget. Det same gjeld for lagshus/forsamlingshus som vert drive av frivillige organisasjonar.

- 7.4 Tilknytingsgebyr forfell til betaling seinast ved tilknytning. Arbeid som krev byggjeløyve, medrekna graving og fylling, må ikkje setjast i gong før gebyret er betalt. Dette gjeld anten det blir kravd byggjeløyve etter § 20-1 og § 21-2 i Plan- og Bygningslova eller melding etter §§ 20-2 og 20-4.. Hovudutval for teknisk sektor kan dispensere frå denne regelen.

## 8. ÅRSGEBYR

- 8.1 Årsgebyr for vatn og/eller avlaup skal betalast for kvar eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avlaupsanlegg. Årsgebyret er sett saman av to deler:
- Ein fast del; abonnementsgebyr, N
  - Ein variabel del; forbruksgebyr, basert på mengde og pris per kubikkmeter.

Grunnlaget for den faste delen av årsgebyret (abonnementsgebyret) for vatn og avlaup, skal vere 30 % av samla budsjettert gebyrgrunnlag. Mengdevariabel del av årsgebyret for vatn og avlaup skal dekke 70% av samla gebyrgrunnlag. Den mengdevariable delen av årsgebyret skal vere basert på målt eller stipulert vassforbruk. For abonnentar som berre er tilknytt avlaupsanlegg kan det avtalast å basere forbruket på stipulert avlaupsmengde, dersom måling ikkje er praktisk gjennomførbart. Både kommunen og abonnenten kan krevje innstallert målar.

### Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyr for bustad gjeld for bustad- og fritidshus og skal betalast per eining. For einebustad med inntil ei ekstra bueining, skal det likevel betalast berre eitt abonnementsgebyr.

For burettslag, bustadsameige og kombinasjonsbygg med leilegheiter, skal det betalast abonnentsgebyr for kvar bueining. Storleiken på abonnementsgebyret for ei bueining i burettslag, bustadsameige og bustadar i kombinasjonsbygg med ein felles målar, skal vere 50 % av abonnementsgebyret for einebustadar (0,5 N). Det same gjeld for seksjonerte sjølveigarbustader. (Dette gjeld som hovudregel, dersom det er ein felles målar for fleire bueiningar. Prinsippet om at abonnementsdelen knyter seg til inntak, målar og målardimensjon skal fylgjast. Dersom det i burettslag, bustadsameige, eller i kombinasjonsbygg, er separate inntaksleidningar for kvar bueining, med eigen målar for kvar eining, skal det som hovudregel reknast heilt abonnementsgebyr for kvar inntak. Ved spesielle høve, der det er felles inntak, men målar for kvar bueining, kan

det etter søknad gjevast 50 % abonnementsgebyr for kvar buening. Føresetnadane skal då vere at det ikkje kostar kommunen meir å forsyne desse eigedomane, enn om eigedomane hadde ein felles målar. Målarleige skal uansett reknast for kvar målar.

Blandingseigedomar med forretning, kontor og bustader, vil få eitt fastledd for næringsdelen, avhengig av dim. på vass- og avlaupsleidning. I tillegg vil kvar buening få eit fastledd på 0,5 x fastledd for einebustad.

Abonnementsgebyr for næring, som er alle andre bygg/ eigedomar enn reine bustadeigedomar, vert gjort avhengig av dimensjon på inntaksleidning for vatn og dimensjon på avlaupsleidning etter slik fordeling:

Alle einebustadar og fritidshus: Lik sats: Normalsats; 1 N

Abonnementsgebyr for alle andre bygg/ eigedomar enn reine bustad-fritidseigedomar:

Dimensjon på vassleidning:

(Mindre eller lik 32 m m inntak):	2 N
33 – 40 m m inntak:	4 N
41 – 63 m m inntak:	6 N
64 – 110 m m inntak:	8 N
Over 110 m m	10 N

Dimensjon på avlaupsleidning:

Avlaupsleidning opp til og med 110mm	2 N
Avlaupsleidning opp til og med 125 m m	4 N
Avlaupsleidning opp til og med 150 m m	6 N
Avlaupsleidning opp til og med 175 m m	8 N
Avlaupsleidning opp til og med 200 m m	10 N
Avlaupsleidning opp til og med 225 m m	15 N
Avlaupsleidning opp til og med 250 m m	20 N
Avlaupsleidning over 250 m m	30 N

Storleiken på eit standard abonnementsgebyr (N), går fram av gebyrregulativet, som vert vedteke årleg av kommunestyret i samband med budsjettvedtak.

Forbruksgebyr.

Abonnentar med bustad- og fritidshus betaler forbruksgebyr enten etter målt eller stipulert forbruk og pris per kubikkmeter vatn / avlaup. Pris per kubikkmeter vatn / avlaup går fram av gebyrregulativet, og blir årleg fastsett av kommunestyret. Omrekningsfaktor for stipulert forbruk for abonnentar som det ikkje er kravd vassmålar for, vert sett til 1,4 kubikkmeter per kvadratmeter BRA for bustadeiningar. For fritidsbustadar utan vassmålar, vert stipulert forbruk sett til 1/4 del av bustadar.

Mellombelse abonnentar (bygg og anlegg) skal betale vassgebyr etter målar. Kommunen kan fråvike denne regelen dersom kommunen finn det praktisk vanskeleg å gjennomføre dette.

Eigedomar som ikkje betalar etter målt forbruk, skal betale forbruksgebyr for vatn og/eller avlaup i høve til stipulert forbruk. Stipulering av vassforbruket skal gjerast på følgjande måte:

- Bustader 1.4 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup> bruksareal.
- Fritidsbustadar 0.35 m<sup>3</sup> / m<sup>2</sup> bruksareal.

Stipulert vassforbruk blir fastsett slik:

- Eigedomar med bruksareal til og med 80 m<sup>2</sup>, skal betale etter eit stipulert vassforbruk tilsvarande 100 m<sup>3</sup>.
- Eigedomar med bruksareal over 80 m<sup>2</sup>, til og med 250 m<sup>2</sup>, skal betale etter eit stipulert forbruk på 200 m<sup>3</sup>. Dette tilsvarar eit bruksareal på 143 m<sup>2</sup>.
- Eigedomar med bruksareal over 250 m<sup>2</sup>, skal betale etter målt forbruk.

Eigedomar som ikkje hovudsakleg vert nytta til bustadføremål skal betale gebyr etter målar. Teknisk utval kan likevel i det einstilte tilfelle tillate betaling etter stipulert vassforbruk og avlaup, i dei tilfelle måling ikkje let seg gjennomføre av tekniske årsaker. Teknisk utval kan, for alle typar eigedomar, krevje oppsett vassmålar og betaling av årsavgifter etter målt forbruk, når sløsing eller andre tilhøve medfører uvanleg stort vassforbruk.

Dersom avlaupsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, kan kommunen eller abonnenten krevje at avlaupsgebyret blir basert på målt forbruk.

For jordbrukseigedomar skal det betalast etter målt forbruk.

For idrettsanlegg skal det installerast vassmålar som og målar vatn til vatningsanlegg. Årsavgift for vatn betalast etter forbruk, etter den til kvar tid gjeldande pris pr. m<sup>3</sup> pluss ein fast del, avhengig av dimensjon på inntak.

- 8.3 Fullt årsgebyr kan tidlegast krevjast frå og med månaden etter at bruksløyve kan gjevast eller etter at innflytting skjer.
- 8.4 For eigedomar som ikkje har målar slik forskrifta krev, eller ikkje rettar seg etter pålegg om installering av målar, skal det fram til målar vert installert, betalast gebyr for vatn og avlaup etter stipulert forbruk. Vassforbruk og avlaupsmengde vert i slike høve fastsett slik:

Bustadhus	2,5 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> netto leigeareal
Sjukehus, pleieheimar m.v.	4,0 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> bruksareal
Skular, forsamlingshus m.v.	2,0 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> bruksareal
Hotell, pensjonat, kafear m.v.	3,0 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> bruksareal
Tørr industri	2,0 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> bruksareal
Forretningar og kontor	2,0 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> bruksareal
Sommarhus, campingplassar	1,5 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> bruksareal
Driftsbygning for jordbruk	1,0 m <sup>3</sup> pr. m <sup>2</sup> bruksareal

Tidlegare registrerte arealdata kan nyttast. Desse satsane skal også nyttast i dei tilfelle abonnenten unnta å etterkomme pålegg om avlesing og innsending av data for målte mengder.

#### 8.5 Fastsetting av årsavgift etter avtale.

I spesielle høve kan grunnlaget for årsavgift avtalast særskild etter denne forskrifta. Ved slik avtale skal hovudprinsippet vere at gebyret skal stå i høve til det som det kostar kommunen å bygge og drifte avløpsanlegg frå vedkomande eigedom. Det er ikkje høve til å gje kvantumsrabatt, eller på annan måte fastsette urimeleg låge gebyr, som medfører subsidiering i høve til dei andre abonnentane på vass- og avlaupsanlegg. I slike høve kan kommunestyret løyve tilskot til dekning av vass- eller avlaupsgebyr, etter nærare reglar. Teknisk utval skal alltid godkjenne fastsetting av årsavgift etter avtale.

### 9. VILKÅR FOR INSTALLERING OG BRUK AV VASSMÅLARAR

For eigedomar med installert vassmålar gjeld følgjande:

- Vassmålaren er kommunen sin eigendom.
- Teknisk etat bestemmer type, plassering og storleiken på målaren.
- Huseigaren skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesing og vedlikehald. Blir ein målar borte eller skada, skal huseigaren omgåande melde frå til teknisk etat.
- Teknisk etat avgjer kven som skal stå for installasjon og vedlikehald, samt eventuell flytting, utskifting eller fjerning av målaren.
- Utgiftene til installasjon eller eventuell flytting av målaren skal betalast av huseigaren.
- Teknisk etat kan etter skriftleg søknad frå huseigaren utføre kontroll av vassmålaren. Viser kontrollen feilavlesning på minst 4 % i øvre måleområde (2,5 m<sup>3</sup>/t til 5 m<sup>3</sup>/t) eller 10 % i nedre måleområde (0,15 m<sup>3</sup>/t til 2,5 m<sup>3</sup>/t) blir det føreteke justering, eventuell utskifting av målaren. Dersom feilen ligg innanfor desse grensene må den som har søkt om kontrollen betale kostnaden med kontrollen. Kontroll av målaren bør skje av andre enn leverandøren.
- Dersom eventuelle feilmålte mengder ikkje kan bereknast tilstrekkeleg nøyaktig, vert avgifta justert for den periode det er tvil om etter gjennomsnittet av nærmaste avlesningsperiode før feilen er oppstått, og etter at den er utbetra.
- For installasjon og bruk av vassmålaren gjeld elles kommunen sine tekniske føresegner.
- Vassmålarar eldre enn 10 år skal skiftast ut, eller gjennomgå full overhaling.

9.2 Alle sanitæranlegg skal tilretteleggjast slik at det kan monterast vassmålar på høveleg stad og med rimelege kostnader.

### 10. FRÅDRAG OG TILLEGG I ÅRSGEBYRET

10.1 Dersom avlaupsmengda hos ein abonnent er vesentleg mindre eller høgre enn målt vassforbruk, kan forbruksgebyret for avlaup bli rekna ut på grunnlag av målt eller stipulert avvik. Frådrag i avlaupsmengde skal dokumenterast ved montering av



minusmålar på vatn som ikkje går til avlaupsanlegg. Frådraget i årsgebyret kan gjevast etter skriftleg søknad frå abonnenten.

- 10.2 Dersom samansetninga av avlaupsvatnet avvik vesentleg frå vanleg hushaldningsavlaup og påverkar kostnadane ved drift og vedlikehald av kommunen sine avlaupsanlegg, kan det bereknast eit tillegg eller eit frådrag til avlaupsgebyret. Storleiken på tillegget/frådraget blir fastsett ved avtale, eller av kommunen dersom avtale ikkje kjem i stand.
- 10.3 Gebyrpliktige som ikkje rettar seg etter pålegg om å fjerne eller kople ut private septiktankar/slamavskiljarar, skal betale eit tillegg til årsgebyret. Tilleggsgebyret blir iverksett 6 månader etter at pålegget er gjeve, dersom arbeidet ikkje er tilfredsstillande gjennomført til den tid. Gebyret må betalast inntil pålegget er gjennomført.
- 10.4 Gebyrpliktige som ikkje følgjer pålegg og på den måten aukar belastninga på nettet og kommunen sine kostnader, skal få eit tilleggsgebyr på 100 % av gjeldande vass- og avlaupsgebyr. Dette gjeld t.d. ved pålegg om:
- å utbetre lekkasjar på stikkleidningar
  - manglar på avlaupsanlegg eller sanitærutstyr som fører til auka belastning på nettet
  - brot på vatningsrestriksjonar
- Tilleggsgebyret gjeld ved 2. gongs pålegg og blir berekna for den tida pålegget ikkje er innfridd. Gebyret må betalast inntil pålegget er teke til følgje.
- 10.5 Dersom bustaden ikkje skal brukast over lengre tid, kan det etter søknad til kommunen gjevast fritak for forbruksgebyret i årsgebyret. Abonnementsgebyret skal betalast. Vassforsyninga kan då plomberast slik at bustaden er avstengt frå det kommunale nettet. Dette arbeidet og ei eventuell opning av plomberinga skal gjerast av kommunalt tilsette folk. Gebyret for å plombere vassforsyninga til ein bustad skal utgjere abonnementsgebyret.
- 10.6 Næringsseigedomar og andre eigedomar, som ikkje er i bruk, kan etter søknad gjevast fritak for forbruksgebyret. Abonnementsgebyret skal betalast. Vassforsyninga skal då plomberast. Gebyr for plombering skal svare til abonnementsgebyret.
- 10.7 Det skal ikkje gjevast reduksjon i avgifter for vatn og avlaup for kortare periodar enn eitt år.
- 10.8 Gebyrfritak eller reduserte gebyr skal ikkje innvilgast for det halvåret søknaden er sendt i. Når søknaden blir innvilga gjeld fritaket/reduksjonen alltid frå 1. januar eller 1. juli etter at søknaden er sendt.
- 10.9 Restriksjonar for vassforbruket eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avlaup, gjev ikkje grunnlag for reduksjon av gebyr. Mindre vesentlege avvik i vasskvalitet i høve til krav i drikkevassforskrifta, gjev ikkje rett til å krevje frådrag i gebyret. Med mindre vesentleg er det her meint for eksempel mindre avvik i pH-verdi, eller uvesentlege avvik i hygienisk kvalitet, som ikkje har helsemessige eller økonomiske konsekvensar for abonnenten.

## **11. INNBETALING AV ÅRSGEBYR**

Gebyra vert fordelt over 2 årlege termin. For eigedomar som betalar etter målt forbruk og/eller avlaupsmengde, skal det foretakast avrekning ein gong i året etter målaravlesing.

Dersom årsgebyra ikkje er betalt innan 1 månad etter at den gebyrpliktige har motteke 2. gongs varsel om innbetaling, kan teknisk etat, når kommunelege I ikkje motset seg det, stenge den kommunale vassforsyninga til eigedomen. For oppmøte i samband med avstenging og påsetjing av vassforsyninga skal den avgiftspliktige betale eit tilleggsgebyr. Tilleggsgebyret skal vere det same som normalsatsen for abonnementsgebyret; N.

Krav på gebyr er med omsyn til pantetryggleiken og inndrivning likestilt med skatt på fast eigedom.

## **12. INFORMASJONSPLIKT**

Kommunen har ei generell plikt til å gje god informasjon til alle abonnentane i kommunen om deira rettar og plikter.

Kommunen skal gje relevant informasjon til abonnentane om vesentlege endringar i vasskvaliteten, og om tilhøva som kan føre til helseisiko. Kommunen pliktar å informere abonnentane dersom drikkevasssystemet ikkje er godkjent. Det skal og informerast om kva reglar i drikkevassføreseigna/Hovedplan Vatn som ikkje er ivaretekne, og kva årsakene til dette er.

Kommunen skal utarbeide ei prisliste for VA-tenestene som skal godkjennast av Kommunestyret og gjerast kjent for abonnentane. Etter førespurnad frå abonnentane skal kommunen leggje fram berekningsgrunnlaget for dei ulike gebyrsatsane.

## **13. KLAGE**

Administrative avgjersler som gjeld individuelle gebyrfastsetjingar eller klage på innhald, kvalitet eller tilgangen på leveransen (vatnet), kan påklagast til Teknisk utval. Klage på vedtak i Teknisk utval kan ankast til Klagenemnda som er det endelege vedtaksorganet i klager etter denne forskrifta. Klagefrist og kva organ som er klageinstans skal opplystast forbrukaren/abbonnten.

## **14. OVERGANGSREGLAR**

- 14.1 Gebyr i samsvar med denne forskrifta skal betalast frå 01.01.2009. Frå same tidspunkt blir tidlegare reglar for berekning av gebyr for vatn og avlaup sett ut av kraft.
- 14.2 Eigar av gebyrpliktig eigedom/bueining som til no har betalt gebyr på grunnlag av storleiken av husværet, kan krevje å få berekna arealet på nytt etter § 6 i denne

forskrifta. Krav om slik ny utrekning må i tilfelle framsetjast skriftleg innan 3 månader før nytt gebyrår. Målsette teikningar må vere vedlagt. Kommunen har rett til kva tid som helst å rekne ut gebyrpliktig areal etter reglane i § 6.

